

---

**Fra:** Hagen, Åsne <fmhoaha@fylkesmannen.no>  
**Sendt:** 27. august 2015 15:53  
**Til:** ase.pettersen@askoy.kommune.no; jorgen.gullestad@bergen.kommune.no; bjorn-hroar.sortland@bomlo.kommune.no; erik.sandvik@eidfjord.kommune.no; odd.inge.vestbo@etne.kommune.no; Even Vaular; tone@fitjar.kommune.no; roy.hansen@fjell.kommune.no; gunnar.hatlelid@fusa.kommune.no; thomas.sjoflot@granvin.kommune.no; ragnvald.joakimsen@jondal.kommune.no; laesur@kvam.kommune.no; grete.nesheim@kvinnherad.kommune.no; Karl Johannes Romarheim; Sigvald Kvinge; Anne Berit Helle; amo@os-ho.kommune.no; Odd Ivar Øvregård; tone.ramsli@samnanger.kommune.no; age.aadland@stord.kommune.no; jan.ove.anthun@stord.kommune.no; stig.arne.thune@sund.kommune.no; ase.aleheim@sveio.kommune.no; helge.drange@tysnes.kommune.no; stig.hope@ullensvang.herad.no; alis.lund.johansen@ulvik.kommune.no; stefan.karlstrom@voss.kommune.no; janhou@oygarden.kommune.no  
**Kopi:** Askøy; Bergen; Bømlo; Eidfjord; Etne; Postmottak Fedje; Fitjar; Fjell; Fusa; Granvin; Jondal; Kvam; Kvinnherad; Postmottak Lindås; Post Masfjorden kommune; Postmottak Meland; Odda; Os; Post Osterøy; Samnanger; Stord; Sund; Sveio; Tysnes; Ullensvang; Ulvik; Postmottak Vaksdal; Voss; Øygarden; hfk@hfk.no  
**Emne:** Forventingar til kommunane under Øving Hordaland 2015  
**Vedlegg:** Vedlegg 5 Døme på tiltakskort i kommunane ved ei atomhending.docx

Til øvingskontaktar i kommunane  
Kopi til postmottak

Fylkesmannen viser til tidlegare utsendt informasjon om Øving Hordaland 2015. Det er opp til kvar kommune å ta stilling til om, og eventuelt i kva grad, kommunen skal delta. I denne e-posten vil vi likevel forsøke å avklare kva forventingar og ønskje vi har til kommunane før, under og etter øvinga.

**I forkant av øvinga** har Fylkesmannen ei forventing om at kommunane oppdaterer og fullfører eige planverk knytt til atomberedskap, inkludert utarbeiding av tiltakskort, ressursoversyn og kontakt-/varslingsinformasjon til alle relevante aktørar/grupper.

**Sjølve øvingsdagen** ønskjer vi at kommunane så langt praktisk råd er testar planverket og faktisk utarbeidar dei meldingar og varsel som ein ville gjort i ein reell situasjon. Om mogeleg ser vi gjerne òg at ein fysisk testar varslingskanalane. Mot slutten av øvingsdagen vil Fylkesmannen be om å få tilsendt kopi (elektronisk) av meldingar og varsel den einskilde kommune har utarbeidd i løpet av dagen.

**I ettertid** forventar vi at deltakarane evaluerer øvinga for å avdekke moglege forbetningspunkt (lokalt – regionalt – sentralt). Samla evaluering vert gjort som del av den årlege haustsamlinga på Voss i november.

For å få godt utbyte av øvinga, oppmodar vi kommunen til å sikre at kommunal kriseleing (KKL) med nokre støttefunksjonar er disponible på øvingsdagen 27. oktober. Det same gjeld reservedatoen 5. november, som berre vert aktuell å bruke dersom primærdatoen må gå ut grunna kolliderande aktivitetar på Haakonsvern orlogsstasjon. Det vil truleg tidvis vere rom for å gjere ordinære oppgåver på øvingsdagen.

Rolla til kommunen v/KKL under øvinga vil vere å respondere og agere på dei meldingane dei får, og elles øve på interne rutinar. Fylkesmannen vil distribuere eit sett med døme på tenkte førespurnader kommunen kan få i hendinga, og som de sjølve kan spele ut i ønskjeleg omfang. Meir informasjon om sjølve øvinga, og forarbeid i vekene før, kjem på samlinga for øvingskontakatar 7. oktober. Døme på tiltakskort i kommunane ved ei atomhending (sjå vedlegg) gir òg ein peikepinn på kva spørsmål kommunen bør ta stilling til.

Kommunar som har tatt i bruk DSB-CIM bør òg gjere dette i øvinga, men det er ikkje eit krav.

Me legg opp til ein sentral øvingsstab som alle kommunane kan nytte seg av. Samstundes oppmodar vi kommunen sjølv til å ha ein person, til dømes øvingskontakten, som kan spele inn lokale variantar over førespurnadar kommunen kan få. Desse kan lokal kontakt spele direkte inn til eiga KKL. Det er ikkje naudsynt å sende desse via/til Fylkesmannen i forkant. Dette er framfor alt meint for kommunens eiga læring.

Med vennleg helsing

Åsne Hagen  
rådgjevar

Fylkesmannen i Hordaland  
Telefon: 55 57 22 28

[www.fylkesmannen.no/hordaland](http://www.fylkesmannen.no/hordaland)

[Abonner på nyhende frå Fylkesmannen](#)